

Årsmelding for Fyresdal skogeigarlag 2011

Skogeigarar i Fyresdal kommune er organisert i Fyresdal skogeigarlag, som og er valkrins for representantskapen i AT Skog BA. Samarbeidet med AT Skog BA er regulert gjennom ei samarbeidsavtale. Målet er å drive fagleg og næringspolitisk arbeid for medlemene i saker som gjeld skog- og utmarksnæring.

Styret i meldingsåret

Helge Kiland, leiar
Bjørg Taraldlien Hopland, nestleiar,
Eivind Spockeli
Hallvard Grythe
Bergit Mikkelsen, studieleiar

I tillegg har som regel også skogbruksleiar Olav Inge Nordbø vore med på møta.

Aktivitet i styret

Styret har hatt 5 møte. Skogbrukssjef Aslak Momrak Haugan har vore invitert til styremøta.

Årsmøtet blei halde på Juni kafé 28. februar, med middag og ca 25 frammøtte . Frå AT Skog møtte Olav A. Veum.

Styret har gjeve uttale til Heiplanen, som var lagt ut på høyring i haust. Styret har også sendt innspel til brev frå AT Skog om plantesituasjonen og om strategiarbeidet i AT Skog.

Styret har registrert eit stort ønskje om jegerprøvekurs og har i brev til kommunen prøvd å formidle dette vidare. Bygdefolkets studieforbund, som tidlegare var arrangør av kurset, er nå lagt ned. Fyresdal jakt- og fiskelag vil stå som arrangør av jegerprøvekurset i vår.

Skogeigarlaget har ei eiga heimeside under www.atskog.no. Me har prøvd å halde sida oppdatert med møtereferat og glimt frå aktiviteten i laget.

Fagleg og sosial aktivitet

Det blei arrangert kappekurs hos Hallvard Grythe i Hegglandsrend 7. april, med Tarjei Gjelstad og Gunnar Kvasjord som instruktørar. Kåre Haugås frå Norsk Virkesmåling var også med. 8. september blei det arrangert fagkveld om vedproduksjon hos Gunnar Veum, som demonstrerte og orienterte om krava til god ved og rasjonell vedhandtering.

Skogeigarlaget mottok som gåve på 100 års jubileet 100 granplanter frå AT Skog. I haust blei dei planta ut saman med elevar frå Gimle skule. Bergit Mikkelsen og Bjørg Taraldlien Hopland stod for etableringa av "100-årsskogen", som me håpar skulen vil ha nytte av å følgje i åra framover. Tiltaket fekk god dekning i Vest-Telemark Blad, Telemarksavisa og Varden.

Det er halde eit kurs i stell og vedlikehald av motorsag for 4H Vest, med Tarjei Gjelstad som instruktør. Det var 6 deltakarar på kurset.

Elevar ved Gimle skule har i tråd med tradisjonen også vore invitert til å lage framside på årsmeldinga vår.

Jubileumsfesten blei arrangert på Samfunnshuset 2. april, med ca 120 gjester. Olav A. Veum leia arrangementet og skogeigarlaget mottok mange helsingar og gåver frå fleire av dei inviterte. Inge Fjalestad heldt hovudtala på møtet. Jon Valebjørg og Kjetil Snarteland fekk skogprisen for sin innsats i skogen og for skogbruket gjennom eit langt liv. Olav Inge Nordbø blei også heidra for sin innsats for skogeigarlaget gjennom mange år. Han fekk ei bile med inskripsjon, laga av Norheimsmia.

2011 var FN's internasjonale skogår. Det blei markert med eit arrangement i Kilegrend 21. mai. Bak arrangementet stod Telemark skogselskap og FN sambandet, i tillegg til Fyresdal skogeigarlag. Dagen begynte med årsmøte i skogselskapet og blei avslutta med skogvandring. Formann i Det norske skogselskap, tidlegare landbruksminister Johan C. Løken og sekretær for SABIMA Rune Anderaa var mellom dei som bidrog med innslag på dagen.

Aktiviteten i skogen

Aktiviteten i Fyresdalsskogbruket i 2011 var betre enn på fleire år. Me må tilbake til 1995/1996 for å finne større avverking i Fyresdal. I 2011 var faktisk Fyresdal skogeigarlag det skogeigarlaget i AT som hadde størst avverking, med 45 000 m³. Tømmerprisane blei i siste halvår prega av dei internasjonale konjunkturane med store økonomiske vanskar i fleire EU land. Ved inngangen til 2012 ser det mørkt ut for store delar av den norske massevirkeindustrien. Men gode hamner og vilkår for eksport i AT sitt dekningsområde har ført til at det har vore tilnærma full avsetning for tømmeret også i år.

Tabell 1. Avverkingsstatistikk for Fyresdal 2010

Medl 31.12.10/11	Lev. 10/11	Gran mv	Furu mv	Lauv	Gran sag	Furu sag	Furu spes	Totalt kbm	Verdi kr	Pris Pr kbm
166	54	7904	6638	1159	6196	9676	988	32576	10624987	326
167	61	12882	12491	1212	7071	10831	531	45018	14454180	321

Gjennomsnittsliveransen har vore 738 m³ pr skogeigar. Det har vore levert mykje massevirke, og det er tydeleg at innslaget frå tynning tek til å bli større. Sidan 1990 har tømmerprisane variert mellom 300 og 350 kroner pr kbm. Konsumprisindeksen har i same periode auka med ca 50 %.

På årsmøtet i AT Skog i vår blei det lyst ut ein konkurranse om skogkultur, der det blei lova premiar til dei 10 flinkaste skogeigarlaga. Fyresdal skogeigarlag tok mål av seg til å vera blant dei beste. I løpet av 2011 er det rydda og avstandsregulert til saman 2784 da. Av dette sto skogeigarane sjølve for 418 da medan AT Skog tok resten. Det er planta 55650 plantar som fyrstegongs planting. I heile AT sitt dekningsområde har AT stått for rydding og avstandsregulering av ca 12 500 da, og Fyresdal har stått for ein stor del av dette.

Skogtun

Styret har inntil vidare valt å behalde kontor og møterom som før. Skogbruksleiaren har fungert som vaktmeister for bygget. Ein leilegheit i andre etasje er pussa opp og leigd ut igjen til den nye lensmannsbetjenten i bygda. Resten av huset blir leigd ut til Ambulansetenesta som tidlegare.

Representasjon

Helge Kiland og Hallvard Grythe representerte laget på årsmøtet i AT Skog på Gautefall turisthotell 5.4. Helge møtte også på årsmøtet i Telemark skogselskap i Kilegrend 21.5., på formannsmøtet i AT Skog på Gautefall turisthotell 14-15. 11. På andelsmøtet for AT i Vrådal 27.10 møtte Helge Kiland og Hallvard Grythe. Helge representerte også Fyresdal skogeigarlag på 100-årsjubileet for Kviteseid skogeigarlag i Morgedal.

Heile styret møtte til eit orienteringsmøte som Fylkesmannen i Telemark arrangerte på kommunehuset i august om prosjekt for skogsbilveggar i Telemark. Prosjektet starta med eit prøveprosjekt i Bø i 2010 og med Fyresdal som fyrste kommune i 2011. Helge Kiland og Bjørg Taraldlien Hopland møtte på eit orienteringsmøte i fjor vinter om regional landbruksplan for Vest-Telemark. Bjørg vil representere skogeigarlaget i arbeidet med ny landbruksplan for Fyresdal, som inntil vidare er lagt på is.

Fyresdal skogeigarlag betalar medlemskontingent til Telemark skogselskap.

Vidare drift

Rekneskapan for 2011 syner eit underskot etter finanspostar på kr 52016. Eigenkapitalen er kr 231887. Styret vurderer det slik at der er føresetnader for vidare drift, og budsjett og aktivitetsplan for 2012 er sett opp ut i frå dette.

Likestilling

I styret for laget var det i 2011 to kvinner og tri menn. Utover dei tillitsvalde har skogeigarlaget ingen fast tilsette.

Fyresdal skogeigarlag, den 24.1.2012

Bergit Mikkelsen Bjørg Taraldlien Hopland Hallvard Grythe Eivind Spockeli Helge Kiland